

Lov for SA Naustdal Båtlag

Fastsett 10. mars 2016

§ 1 Laget sitt namn

Laget sitt namn er SA Naustdal Båtlag, forkorta SA N.B.L

§ 2 Forretningskontor

SA Naustdal Båtlag skal ha forretningskontor i Naustdal kommune.

§ 3 Formål

Laget sitt formål er å opparbeide, vedlikehalde og utvikle ei trygg og funksjonell båthamn for medlemmane i laget.

Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd.

§ 4 Andelsinnskot

- a) Alle som aksepterer laget sine lover og reglar, og betalar eit andelsinnskot på kr. 200,- (tohundrekroner) kan bli tatt opp som medlem i SA Naustdal Båtlag.
- b) Medlemskap kan nektast ved særlege høve. Styret gjer vedtak om at medlemskap kan nektast. Den som vert nekta medlemskap, kan krevje at styret legg vedtaket fram for årsmøtet. Kravet må vere sett fram innan ein månad etter at vedkommande tok imot skriftleg melding frå styret.
- c) Andelsinnskotet vert ikkje betalt tilbake ved utmelding eller ved tap av medlemskap, og skal ikkje forrentast.

§ 5 Medlemskontingent

- a) Medlemmar i båtlaget skal betale ein medlemskontingent som vert fastsett av årsmøte kvart år. Medlemskontingenoten følger kalenderåret og forfall til betaling seinast 1. juli kvart år.
- b) Utmelding skal skje skriftleg, og vert rekna frå den dagen utmeldinga er motteken av styret.

§ 6 Tillitsverv

- a) Berre medlem i SA Naustdal Båtlag kan ta tillitsverv.
- b) Ein medlem kan ikkje samtidig ha meir enn eit av følgjande verv i båtlaget: medlem av styret, valkomiteen eller revisor.
- c) Alle medlemmar i båtlaget pliktar å ta imot val. Ein kan nekte attval for like lang tid som ein har vore tillitsvald.

§ 7 Godtgjersle til tillitsvalde og refusjon av utgifter

- a) Tillitsvalde, komitear, utval kan ta i mot ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt. Storleiken på godtgjersla skal gå fram i årsmeldinga.
- b) Tillitsvalde kan ta imot refusjon for nødvendige, faktiske utgifter som vedkomande får i samband med utføring av vervet.

§ 8 Inabilitet

- a) Ein tillitsvald er inhabil til å leggje til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerda:
 - 1) når vedkommande sjølv er part i saka
 - 2) når vedkommande er i slekt eller svogerskap med ein part i oppstigande eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken.
 - 3) når vedkommande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part.
- b) Sameleis er vedkommande inhabil når andre særeigne tilhøve ligg føre som er eigna til å svekke tilliten til om vedkommande er upartisk; mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gi særlig fordel, tap eller ulempe for vedkommande sjølv eller nokon som vedkommande har nær personleg tilknyting til. Det skal også leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av ein part. Med part er det her ment person, medrekna juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.
- c) I styret, komitear, utval tek organet sjølv avgjerd, utan at vedkomande medlem deltek. Dersom det i ei og same sak kjem opp spørsmål om inhabilitet for fleire medlemer, kan ingen av dei delta i avgjerd av sin eigen eller ein annan medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vere vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande medlemer delta. Medlem skal i god tid seie frå om tilhøve som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil.
- d) Denne regelen om inhabilitet gjeld ikkje på årsmøte eller ekstraordinært årsmøte.

§ 9 Rekneskap, revisjon, budsjett mv.

- a) Båtlaget sitt rekneskap følger kalenderåret.
- b) Rekneskapen til båtlaget skal reviderast av 2 valde revisorar.
- c) Rekneskapet skal leverast til dei valde revisorane for revisjon seinast 15.2
- d) Revidert rekneskap skal leverast styret seinast 1.3
- e) Båtlaget kan ikkje gi lån eller stille garantiar for lån.
- f) På årsmøte skal det fastsetjast budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapen. Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det vert dekt av positiv eigenkapital.

§ 10 Årsmøtet

- a) Årsmøte er laget sitt høgaste styringsorgan og skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad. Årsmøte vert leia av vald ordstyrar.
- b) Forslag som skal handsamast på årsmøte må vere sendt styret innan 1. februar.
- c) Styret kallar inn til årsmøte minst 2 veker på førehand på laget si heimeside.
- d) Sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag skal vere tilgjengeleg på heimesida til båtlaget saman med innkallinga.
- e) Berre saker som er ført opp på utsend/kunngjort sakliste skal handsamast på årsmøte, men andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med røysterett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning av saklista.
- f) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer årsmøte høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om årsmøtet er lovleg innkalla og om det er saker som ikkje kan handsamast.
- g) Alle medlemmar i båtlaget har rett til å møte i årsmøtet. Ingen medlemmar kan møte ved fullmektig, men ein medlem kan ta med ein rådgjevar som årsmøtet kan gi talerett.
- h) Årsmøte er vedtaksfört dersom det møter eit tal medlemmar med røysterett som minst svarar til tal styremedlemer vedteke i laget si lov. Dersom årsmøtet ikkje er vedtaksfört, kan det kallast inn til nytt årsmøte utan krav om minimumsdeltaking.
- i) Større endringar i båthamna skal leggjast fram som sak på årsmøtet. Med større endringar meiner ein for eksempel oppretting av nye båtplassar, oppføring av bygningar mv.

§ 11 Årsmøtet sine oppgåver

1. Godkjenne dei som har røysterett
2. Godkjenne innkalling og saksliste
3. Velje ordstyrar, referent og 2 medlemmar til å skrive under årsmøtereferatet
4. Handsame laget si årsmelding
5. Handsame laget sitt rekneskap i revidert stand
6. Fastsetje medlemskontingenten
7. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båtplass
8. Fastsetje eingongsinnskot for 4m, 6m, og 8m båtplass
9. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad
10. Handsame innkomne saker
11. Vedta laget sitt budsjett
12. Vedta investerings- og vedlikehaldsplana. Planen skal rullerast kvart år.
13. Gjere følgjande val:

- Leiar, nestleiar, sekretær, kasserar og styremedlem
- 2 revisorar
- Valnemnd med leiar og 1 medlem

Leiar vert vald for eitt år. To styremedlemer for eitt år og to styremedlemer for to år.

Revisorane og valnemnd vert valde for høvesvis eitt år og to år.

§ 12 Røysterett

Kvar medlem har ei røyst på årsmøtet. Personar som har ein medlemskap saman, kan berre gi ei røyst.

§ 13 Inabilitet ved røysting på årsmøtet

Ein medlem kan ikkje røyste på årsmøtet om søksmål mot seg sjølv eller om eige ansvar overfor føretaket, og heller ikkje om søksmål mot andre eller om ansvar overfor føretaket dersom medlemmen har ei vesentleg interesse i saka som kan stride mot interessa til føretaket.

§ 14 Røysting på årsmøte

- a) Med mindre noko anna er fastlagt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne røystene. Blanke røyster skal reknast som ikkje avgjevne.
- b) Alle val der det ligg føre eit framlegg vert gjennomført med handsopprekking. Val der det ligg føre meir enn eit framlegg vert gjennomført med handsopprekking, med mindre det vert fremja krav om skriftleg val.
- c) Ved val på tillitsvalde der det ligg føre meir enn eit framlegg, skal det vere skriftleg val. Det er berre føreslegne kandidatar som kan førast opp på røystesetelen. Røystesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje er føreslegne tel ikkje og røystene skal reknast som ikkje avgjevne.
- d) Når eit val vert halde enkeltvis, og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av dei avgjevne røystene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest røyster. Står kandidatane likt etter omvalet, vert valet avgjort ved loddtrekning.

§ 15 Ekstraordinært årsmøte

- a) Ekstraordinært årsmøte i SA Naustdal Båtlag vert innkalla av styret minst 14 dagar på førehand etter:
 - Vedtak på årsmøtet i båtlaget
 - Vedtak i styret i båtlaget
 - Skriftleg krav frå 1/3 av dei medlemmane i båtlaget som har røysterett
- b) Innkalling til ekstraordinært årsmøte vert kunngjort på laget si heimeside. Sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag skal vere tilgjengeleg på heimesida saman med innkallinga.

- c) Ekstraordinært årsmøte er vedtaksført dersom det møter ei tal medlemmar med røysterett som minst svarar til tal styremedlemer vedteke i laget si lov. Dersom årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det kallast inn til nytt ekstraordnært årsmøte utan krav om minimumsdeltaking.
- d) Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av årsmøte.

§ 16 Styret

- a) SA Naustdal Båtlag skal ikkje ha dagleg leiar.
- b) Båtlag vert leia av eit styre som er vald av årsmøtet. Styret er båtlaget sitt høgaste styringsorgan mellom årsmøta. Styret i båtlaget har slik samansetjing:
 - Leiar
 - Nestleiar
 - Skrivar
 - Kasserar
 - Styremedlem
- c) Styret er ansvarleg ovanfor årsmøtet. Styret skal halde møter når leiaren bestemmer det eller eit fleirtal av styremedlemmene krev det.
- d) Styret er vedtaksfør når eit fleirtal av styret er til stades. Ved likt røystetal er leiar si røyst avgjerande.
- e) Styret har økonomisk handlefridom innanfor budsjetttramme godkjent av årsmøte.
- f) Styret kan nemne opp naudsynte utval og nemnder til hjelp i arbeidet.
- g) Styret skal:
 - Følgje opp vedtak gjort av årsmøte.
 - Styre etter laget sine lover og hamnereglar fastsett av årsmøte.
 - Sjå til at laget har tilfredstillande organisering av rekneskap- og budsjettfunksjonen, og har forsvarleg økonomistyring.
 - Organisere dugnad og vedlikehald av båthamna og føre oversikt over utførte dugnadstimar per år.
 - Representere laget utetter.
 - Føre referat frå styremøter.
 - Fastsetje straum- og dieselpolis i båthamna og ev. gebyr/leigeprisar mv.
 - Føre oversikt over alle båtplassar. Av oversikta skal det gå fram namnet til eigaren av båtplassen.
 - Føre medlemslister.
 - Føre venteliste for båtplass. Av oversikta skal det gå fram namn og adresse til kvar person som står på venteliste.
 - Utnemne hamnesjef(ar)
 - Halde internetsida www.naustdalbaatlag.com oppdatert.

§ 17 Tildeling-, sal-, overdraging, byte/endring og venteliste av båtplass

- a) Det berande prinsippet skal vere at medlemmene eig båtplassane, men tildeling, sal og overdraging av båtplass kan berre skje av styret i båtlaget. Styret fører liste over eigarar av båtplassar og venteliste for tildeling av båtplass. Listene er tilgjengeleg på laget si heimeside.
Får den som står på venteliste tilbod om å kjøpe båtplass, men takkar nei, blir den stroken frå ventelista og mistar sin ansiennitet. Vedkomande kan be om å bli oppført på nytt på båtlaget si venteliste.
- b) For å få tildelt båtplass må ein stå oppført i båtlaget si venteliste og vere medlem. For å stå på venteliste kan det krevjast eit gebyr.
- c) Tildeling av båtplass skjer etter ansiennitet, men medlemer busett i Naustdal kommune har førerett. Det vert kravd eit eingongsinnskot ut frå storleiken på båtplassen. Først når eingongsinnskotet er betalt er ein eigar av båtplassen.
- d) Ein båteigar som har båtplass, men som ønskjer ein mindre eller ein større båtplass, må sette seg på venteliste.
- e) Eigar av båtplass som ønskjer å selje båtplassen (heretter kalla seljar) skal gi melding til styret. Årleg avgift skal vere betalt av seljar. Eingongsinnskotet vert utbetalt når styret har motteke eingongsinnskotet frå ny eigar med frådrag av ev. manglande innbetalt årleg avgift.
- f) Båtplass som ikkje vert sold kan leigast ut for eit år om gongen av styret. Leiga tilfelle eigaren av båtplassen. Årsavgift skal betalast så lenge ein er eigar av båtplassen, også i den tid ein har båtplassen for sal.
- g) Eigar av ein båtplass kan overdra båtplassen sin til; foreldre, eigne barn, sysken, ektefelle eller sambuar. Ved død gjeld dei same reglane. Overdraging av båtplassen skal vere godkjent av styret. Den som overtek båtplassen må vere medlem i båtlaget. Styret skal vere informert om namnet og adressa til den nye eigaren og det skal vere godtgiort overfor styret at vilkåra er oppfylt.
- h) Ein person som står på venteliste kan ikkje overdra plassen til andre. Ved død blir vedkommande stroken frå ventelista.
- i) Styret kan endre/byte på tildelt båtplass. Endring/byte av båtplass skal grunngjenvæst og den/dei som vert omfatta skal få høve til å uttale seg før styret tek endeleg avgjerd. Styret si avgjerd skal vere skriftleg og det skal informerast om at styret si avgjerd kan klagast inn for årsmøte.
Den/dei som vert omfatta av endring/byte av båtplass kan krevje at styret legg vedtaket fram for årsmøtet. Klagen må vere skriftleg og sett fram innan ein månad etter at styret si avgjerd vart motteke. Kravet har utsetjande verknad.

§ 18 Dugnad

- a) Eigar av båtplass er pliktig til å gjere minst 5 timer dugnad per år.
- b) Dugnadsliste blir lagt ut på laget si heimeside, www.naustdalbaatlag.com seinast 1. mai kvart år og kvar båtpasseigar har sjølv plikt å melde seg på dugnad til den som er oppgjeve som kontaktperson.

- c) Båtplasseigar er sjølv ansvarleg for å melde inn kva dognad som er utført og tal timar som er brukt.
- d) Kvar dognadstime vert godtgjort med den timesats som er vedteke av årsmøte.
- e) Styret fører oversikt over tal dognadstimar og utbetaling for dognadstimar skal vere gjort innan 31.12.

§ 19 Breidde og lengde på båtplassar i båthamna

- a) Breidde på båtplassar i båthamna, målt i lys-opning, mellom kvar bryggjeplass er:
 - 2.19 meter for ein 4 meter plass
 - 2.69 meter for ein 6 meter plass
 - 3.10 meter for ein 8 meter plass
- b) Maks lengde for båtar i flytebryggene er 10.5 m (34.5 fot)
- c) Dersom det er ledig plass på bryggja som ikkje er utleigd, kan ekstra breidde på båtplassen leigast for ein årleg sum som tilsvavar 0,5% av årleg avgift for respektiv plass per cm. Det kan krevast ei avgift for kvar justering. Styret administrerer ordninga. Styret kan fastsetje faste tidspunkt for justering.

§ 20 Utleige/utlån av båtplass

- a) All utleige skal administrerast og gjennomførast av «utleige-ansvarleg» (Heretter: UA) i Naustdal Båtlag. Ingen kan leige ut plass sjølve. Unntak er vederlagsfritt utlån til foreldre, eigne barn, sysken, ektefelle eller sambuar.
- b) Den som vil leige ut plassen sin må melde dette til UA. Når plassen vert leigd ut vert årlege avgifter frosne fram til utleiga opphører. Dersom plassen ikkje vert leigd ut, må plasseigar likevel betale årlege avgifter. Eigar av plassen må likevel betale den årlege medlemskontingenten.
- c) Plassen vert leigd ut på månadsbasis, med ein månad gjensidig oppseilingstid. Månadsleige i høve prislista til båtlaget.
- d) Den som vil leige plass må vere medlem av båtlaget.
- e) Den som ønskjer å leige plass må melde interesse for dette til UA, som då listefører dette. Det må meldast kor stor plass ein ønskjer å leige, og for kva periode.
- f) Berande prinsipp er at først på lista skal få leige først. Men UA må fordele ledige plassar etter ønska størrelse og ledig periode.
Legetakar som etter ei purring ikkje betaler avgift, vil miste høvet til å leige båtplass i båthamna.

§ 21 Tilgang til båthamna, opplag for fritidsbåtar, orden og reinsemd

- a) Det er berre medlemmer eller den som ein medlem gir løyve til, som har tilgang til flytebryggene og båtplassar. Besökande skal kunne legge fram legitimasjon.
- b) For å ha båtar i opplag i båthamna må dette vere avtalt med styret og hamnesjefane.
- c) Alle båtar må leggjast på tildelt plass. Alle båtar må vera forsvarleg fortøydde og fendra. Fortøyingane må ikkje vere til hinder for andre. Båteigar pliktar å lense båten og halde tilsyn med den.
- d) I båthamna skal det til ei kvar tid herska orden på alle måtar, og alle medlemmane pliktar å sjå til at dette skjer.

Det er forbode å kaste avfall av alle slag i hamneområdet. Det er ikkje høve til å lagre utstyr og anna i buene. Fiskeavfall skal ikkje kastast på innsida av moloen.

§ 22 Eingongsinnskot, årleg avgift og andre avgifter

- a) Eingongsinnskot, årsavgift og eventuelle andre avgifter for dei ulike båtplassane vert fastsett av årsmøte.
- b) Eingongsinnskotet for dei ulike båtplassane skal kvart år justerast etter konsumprisindeksen til SSB.
- c) Eingongsinnskotet gjeld frå årsmøte til årsmøte.
- d) Årsavgift og eventuelt andre avgifter som årsmøte fastset, følgjer kalenderåret og forfell til betaling seinast 1. juli kvart år.

§ 23 Manglande betaling av kontingent

- a) Medlem som etter purring ikkje betalar fastsett medlemskontingent tapar automatisk sitt medlemskap og vert stroken frå medlemslista. Medlem som har tapt sitt medlemskap kan ikkje takast opp att før skuldig kontingent er betalt.
- b) Innbetalt medlemskontingent vert ikkje betalt tilbake ved utmelding eller ved tap av medlemskap.

§ 24 Manglande betaling av årleg avgift eller andre avgifter

- a) Eigar av båtplass som etter ein purring ikkje betaler årleg avgift eller andre avgifter/innskot fastsett av årsmøte, vil miste retten til å eige båtplass i båthamna.
- b) Styret skal skriftleg informere eigar av båtplassen om skuldig beløp og at båtplassen vert seld dersom han/ho ikkje har gjort opp for seg innan 4 veker.
- c) Eigar skal få utbetalt eingongsinnskot med fråtrekk av skuldig beløp, eventuelle kostnader båtlaget må ha med å fjerne båt mv. og eit gebyr på kr. 5.000,-
- d) Innbetalt årleg avgift eller andre avgifter vert ikkje betalt tilbake.

§ 25 Skadar/ansvar

- a) Båtlaget er utan ansvar for skader og hærverk på båtar, tjuveri eller innbrot, skader på materiell eller personar i eller i tilknyting til båthamna.
- b) Båtlaget er ikkje ansvarleg for skade som måtte oppstå på grunn av svikt i hammeanlegget eller innrettingane.
- c) Bruk av slipp eller anna utstyr i båthamna skjer på eige ansvar.

§ 26 Bruk av årsoverskot

Årsoverskot skal godskrivast eigenkapitalen.

§ 27 Brot på lover og reglar

- a) Ein medlem kan ved skriftleg påbod stengjast ute frå båtlaget når medlemmen har krenka båtlaget ved vesentleg mishald, eller når tungtvegande grunnar elles tilseier utestenging. Styret gjer vedtak om utestenging. Den som er stengt ute, kan krevje at styret legg vedtaket fram for årsmøtet. Kravet må vere sett fram innan ein månad etter at medlemmen tok imot skriftleg melding med opplysing om utestenginga. Kravet har utsetjande verknad.
- b) Ein medlem som vert stengt ute kan ikkje eige båtplass i båthamna.
- c) Båtplassen til ein medlem som vert stengt ute kan overdragast til andre når vilkåra etter § 17 er tilstade.
- d) Alternativt skal båtplassen seljast. Styret skal selje båtplassen så raskt som mogeleg når vedtaket er endeleg. Den årlege leiga skal vere betalt av den som har eigd båtplassen. Eingongsinnskotet vert utbetalt når styret har motteke eingongsinnskot frå ny eigar med frådrag av ev. manglende innbetalt årleg avgift.

§ 28 Lovendringar

- a) Endringar i denne lova kan berre vedtakast av ordinært eller ekstraordinært årsmøte i båtlaget og som er ført opp på utsend/kunngjort sakliste.
- b) Lovendringar krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte med røysterett.

§ 29 Opplysing – Samanslåing

- a) Forslag om opplysing av båtlaget må først handsamast av ordinært årsmøte. Vert opplysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare. For at opplysing skal skje, må vedtaket også her gjerast med 2/3 fleirtal.
- b) Samanslåing med andre bålag vert ikkje rekna som opplysing av laget. Vedtak om samanslåing og nødvendige lovendringar knytt til dette skal gjerast i samsvar med vedtekten om lovendring.

§ 30 Korleis nettoformuen skal fordelast ved opplysing

- a) Utdeling til medlemanne eller anna disponering over gjenverande midlar kan ikkje finne stad før eventuelle skyldnadane er dekte.
- b) Når eventuelle skyldnadane er dekte kan medlemmer som eig båtplass i båtlaget på opplysingstidspunktet og som har betalt eingongsinnskot få utbetalt eingongsinnskotet dersom de er midlar i båtlaget. Dette gjeld og eventuelt innbetalt årsavgift og medlemskontingent.
- c) Gjenverande midlar utover dette skal gå til allmennnyttige formål.